

Nr 4-2021, årgang 57

KYRKJELYDSBLAD

FOR NISSEDAL SOKN

Med meldingsblad for Nissedal kommune



Treungen kyrkje



Nissedal kyrkje



Felle kapell

JOLA 2021



Framsida «Jol i Telemark 1987» teikna av Ruth Nordbø

«SO BLÆDDE DEI SALMUR»

Det er blitt november. Trea står mørke og regnfulle, men snart går det mot adventstid med ljøs både ute og inne. Denne venda vil Kim Andre Skåli dele litt med oss om førjolsdagar og jolefeiring i familien. Kim Andre og kona Lena bur saman med borna Torleif (5) og Nora (1,5) i nytt hus på Skåli. Kim Andre har 11 år bak seg i entreprenørfirmaet Felle Maskin der han er maskinkøyrar i eit arbeidslag på om lag 20 tilsette. I dei siste åra har det blitt mykje arbeid i Risør- og Tvedestrandsområdet, lange arbeidsdagar, men likevel ikkje lenger unna enn at han utpå kvelden er på veg oppover til Skåli til sein middag i heimen.



– Det set vel preg på førjoltida at de har småungar i huset?

- Ja, det skaper stemning. Det er klart det er moro når ungane kan vere med å bake småkaker, forme deigen og lage peparkakemenn. Torleif er blitt så stor at han har minne frå eit par år tilbake, og då har han naturleg nok den gode forventninga og spenninga om det han hugsar frå tidlegare.

– De har kanskje alt skapt eigne joletradisjonar i heimen?

– Lena og eg har nok teke med oss litt kvar frå barndomsheimane våre. For å få betre tid på julekvelden pyntar me treet dagen før. Frå tidleg på julekveldsdagen må me få på plass det som måtte mangle, få eit godt bad og etter kvart få på oss finkleda. For meg kjem den gode stemninga for fullt når det duftar frå ribbesteikinga.

Elles har me teke med oss tradisjonen frå barndomsheimen min om at me vil vere med på gudstenesta i Felle kapell. Både far min og bestefar min oppmuntra oss til det utan at det blei lagt press på oss. Det er like triveleg kvart år, og då får me helse på folk i grenda, blant andre dei som me ikkje treffer så ofte. Deretter ber det heim til middag med ribbe og med riskrem til dessert. Seinare blir det kaffi og kaker. Naturlegvis er det eit stort høgdepunkt å opne pakkene. Deretter kan me nyte den gode freden, og kjenne på at ein har mange, rolege dagar framfor seg.

– Har de faste tradisjonar i joledagane?

– Ja, fyrst og fremst blir det å få god tid til vere i lag med familien. Fyrste juledag er det eit heilt styr å sortere alle pakkene til ungane. Dei fleste av oss får nok litt for mykje av mange ting i dag. Det kan nok vere på tide å bremse litt på det, men når me er saman med dei små, får me glede oss over alt som er moro. Elles er det fast tradisjon fyrste juledag at me er på eit storfamilieselskap i barndomsheimen min. Her blir det både middag og alt anna av godsaker, og fullt omkring borda med både store og små og stor stemning.

– Så har du funne fram ein jolesong?

– Eg er nok ikkje av dei som høyrer så mykje på musikk. Det blir helst det som er på radioen, og i adventstida er det naturleg nok mange fine julesongar å høyre på. Då eg skulle plukke ut ein som skaper ei heilt spesiell stemning for meg, måtte det bli *O helga natt*. Den er mektig både i tekst og melodi.

TV

O helga natt!

*O helga natt! O helga stund för världen,
då Gudamänniskan till jorden steg ned
För att försona världens brott och synder,
för oss han dödens smärta led
Och hoppets stråle går igjennom världen,
och ljuset skimrar över land och hav*

*Ty frälsar'n krossat våra tunga bojord
vår jord är fri, himlen öppen är
Ut i din slav du ser en älskad broder,
och se, din ovän skall bli dig kär
Från himlen bragte frälsaren oss friden,
för oss han ned steg i sin stilla grav*

*Folk! Fall nu neder och hälsa glatt din frihet
O helga natt, du frälsning åt oss gav
O helga natt, du frälsning åt oss gav*

*Folk! Fall nu neder och hälsa glatt din frihet
O helga natt, du frälsning åt oss gav
O helga natt, du frälsning åt oss gav*

Tekst: Placide Cappeau, fransk diktar
Melodi: Adolphe Adam, 1847

Ikkje Gud til filosofane – men Gud som er nær!

Den kjende naturvitskapsmannen og kristne filosofen Pascal skriv i dagboka si om ei hending som fekk stor betydning for han.

I nådens år 1654.

Måndag den 23. november, den heilage pave og martyr Clemens og andre martyrs fest ...

Frå omtrent halv elleve om kvelden til omtrent ein halv time etter midnatt.

Gud til Abraham, Gud til Isak, Gud til Jakob.

Ikkje Gud til filosofane og dei lærde.

Visse! Visse! Kjensle, glede, fred.

Jesu-Kristi Gud.

Din Gud er min Gud (Rut 1,16).

Kva var det Pascal oppdaga? Han oppdaga den store forskjellen det er på ein gud som berre er inne i hovudet til menneske, og på Gud til Abraham, Isak og Jakob som kjem inn i verda vår. Jolenatt kjem Gud så nær at vi kan sjå Gud. Ta på han, høyre stemma, ja, sjå korleis Gud er. Vi såg ein sårbar Gud, overlata i menneska sine hender og omsorg. Jola er det sterkaste beviset på at vi ikkje trur på ein gud som berre er inne i hovuda til filosofane og dei lærde. «Ordet vart menneske, og vi såg hans herlegdom», skriv Johannes.

Det var også ei anna viktig oppdaging Pascal gjorde. Det stoppar ikkje med at Gud kjem nær, det handlar også om ein relasjon mellom Gud og oss. «Din Gud er min Gud.» Gud blei menneske for å nå heilt inn til oss. Gjennom dåpen og trua på Jesus blir dette røyndom.

«Alle som tok imot han, dei gav han rett til bli Guds born, dei som trur på namnet hans.» (Joh 1)

Då Pascal døydde, fann dei ein lapp sydd inn i frakken hans. Her hadde han sydd inn det som var aller viktigast i livet. På den lappen stod ikkje dei viktigaste formlane han hadde oppdaga, men orda han hadde skrive ned etter hendinga.

Gud til Abraham, Gud til Isak, Gud til Jakob.

Ikkje Gud til filosofane og dei lærde.

Visse! Visse! Kjensle, glede, fred.

Jesu-Kristi Gud.

Signa jol!

Stein Reinertsen
Biskop i Agder og Telemark



ME STAKK INNOM

Grzegorz Bialecki som fortel om rike joletradisjonar frå Polen.

Ein regnfull laurdag i november har me avtala å møte Grzegorz Bialecki på Fleirbrukshuset. Her har Grzegorz full oversikt slik at det blir lett vint og greitt både for vaksne og born å fylgje timeplanar, rutinar og klokkeslett, eller kanskje få seg litt brus, kaffi og godsaker frå kiosken. Grzegorz er ikkje ukjend med å ha mange jern i elden. Sidan han og kona, Kamila, fann vegen til nytt heimland og den nye heimkommunen Nissedal hausten 2013, har dei fått prøve seg på ulike arbeidsplassar.

Oppvekstår i Silesia sør i Polen

Grzegorz blei fødd i 1986 og voks opp i Silesia, ikkje så langt frå den gamle byen Katowice, sør i Polen. På 1970-talet endra leveviset seg i bygdene der ikkje så lite. Nye funn av drivverdig kol i fjella gjorde at folketalet blei mangedobla, og like bustader skaut i vêret på rekkje og rad.

– Ja, her var det familie på familie som budde på same måten, i same slags hus, med same økonomi og same vilkår. Det var positivt på mange måtar, men etter år med autoritær kommunisme var det ikkje fritt for at folk flest lengta etter eit anna levevis, fortel Grzegorz medan han let tankane fare attende til tida han hugsar som smågut, åra etter Berlin-muren hadde falle i 1989, tida då dei store omveltingane bylgja innover landet med ny kapitalisme som òg hadde sine svake sider. Både far og mor til Grzegorz hadde arbeid i gruveselskapet. Grzegorz fekk solid skulegang og utdanna seg til journalist. Mellom anna arbeidde han tre år som sportsjournalist i den statlege fjernsynskanalen.

På veg til Nissedal

– *Kva var det som førte deg og Kamila til Nissedal?*

– Det hadde seg slik at syster til Kamila, Marta, var blitt gift med Jørgen Solberg. Slik blei det turar hit, og eg fekk prøve meg på arbeidsoppgåver på Festivalen, og slik blei eg betre kjend med folkelivet, bygda og naturen. Fyrste tida vi var gifte, budde Kamila og eg i hovudstaden Warszawa, ein storby med 2 millionar menneske. Då vi venta det fyrste barnet vårt, kom tankane og spørsmåla litt etter litt om det ikkje ville kunne bli betre oppvekstår i Nissedal. Vi kunne nok òg kjenne på tvil då vi pakka sakene våre og sette kursen nordover, men då vi litt seinare var på besøk i den hektiske storbyen Ostrava i Tsjekkia, var det som om tvilen blei borte. Då skjøna vi kor heldige vi er som får bu i ei fredeleg bygd med skogar, vatn og fjell omkring oss.

Rike joletradisjonar i Polen

Grzegorz kan fortelje om korleis den katolske kyrkja i Polen har spela og framleis spelar ei viktig rolle i landet. Særleg i harde tider med okkupasjonar og framandstyre har kyrkja bunde folket saman og halde ved lag polsk språk, identitet, kultur og tradisjonar.

– *Du har nok med deg gode minne frå tradisjonane i førjoltida?*

– Ja, både i førjoltida og i joledagane voks eg opp med mange rike tradisjonar. Som kristen høgtid er nok påska viktigare, men folkelivet er rikare i jolehøgtida. I adventstida måtte vi kome oss opp tidleg kvar einaste skuledag, for då skulle vi fyrst møte i kyrkja klokka sju. Her var jolekrubba på plass med Jesusbarnet, eller «nyfødde Jesus» som vi sa. Ofte var det ein misjonær som hadde undervisning. Det var òg fast opplegg at alle fekk eit kort med eit bilete på. Det kunne vere eit jolemotiv, eit bilete av Jesus, Maria, apostlane eller ein viktig person i kyrkjehistoria, oftast dei som



vi kallar helgenar. Dersom vi på siste frammøtet hadde samla oss kort frå alle dagane i adventstida, fekk vi ei lita gåve. I adventstida var det òg vanleg at vi skulle leve enklare. Vi skulle helst ikkje smake kjøt før jol, men det blei ikkje sett på som eit strengt bod, men heller som ein god skikk som vi burde halde oss til.

– *Så tek vi eit steg fram mot jolehøgtida. Kva vil du fortelje frå joleftan eller jolekvelden?*

– Naturleg nok har det alltid vore mykje som skulle gjerast i stand til den store høgtida. I eldre tider var det stell av slakt og mykje baking. Mange tradisjonar er like over heile Polen, men i Silesia, som ikkje ligg så langt frå grensa til Tsjekia og Tyskland, har vi òg blitt påverka av skikkar frå dei to grannelanda.

Når klokka nærmar seg 17 på jolekvelden, er det tradisjon å rusle ut på tunet og speide etter stjerna på himmelen. Så går vi inn og set oss til veldekt og pynta bord. Før vi forsyner oss, les vi ei fast bordbøn. Deretter tek vi det vi kan kalle ein jolevaffel og legg i handa til den vi sit ved sida av og seier fram ei lita bøn om god jol. Under joleduken ligg det eit jamt lag med høy. Det skal minne oss om at maten som vi får, er ei velsigning frå grøde og avling, og ei bøn om at grøda også neste år må bli velsigna. Etter gamal tradisjon skal det vere 12 ulike matretter på bordet, noko som skal minne oss om at det er 12 apostlar. Når det ikkje alltid har vore like greitt for alle å skaffe mangt av mat, har ein kunna bruke ein rett på nytt med ein liten variasjon. For å fylle opp dei 12 plassane ved bordet er det vanleg og be inn familiemedlemer utanom næraste huslyden eller kjernefamilien. Det er òg dekt på ein plass nummer 13 som skal stå tom. Det er ein tradisjon som skal minne oss om at det skal vere ein ledig plass dersom ein framand skulle banke på døra. Som regel kjem det ikkje nokon, men eg synest det er ein fin skikk som vi bør halde ved lag. Det fyrste vi et, er ei raudbetsuppe. Karpe er den fisken vi brukar mest til jol. Torsk er som regel òg med på mange bord. Kjøt ventar vi med til fyrste joledag. Vi kosar oss lenge ved bordet, gjerne med te som drikke. Etter kveldsmåltidet kan vi kose oss med kaffi og kaker.

– *Er det gudsteneste eller messe seinare på kvelden?*

– Ja, det er midnattsmesse klokka 12 (24). Her høyrer vi joleevangeliet og syng jolesongar. Då er vi ikkje heime att før i halv 2-tida, og då er det lov å få den fyrste smaken av kjøt. Somme får seg ei god brødskeive med skinke, men sidan det er seint på natta, ventar mange like godt til morgonmaten. Fyrste joledag er det gamal tradisjon at vi skal halde oss i ro i heimen, og slik sett passar det heller ikkje å ha gjester. Seinare i jola er det god tid til å møte familie og vener i mange hyggelege lag. I Polen varer jola fram til Heilage tre kongars dag, 6.januar, trettande dag jol.

Jol i heimen på Tjønnefoss

For fire år sidan kjøpte Kamila og Grzegorz hus på Tjønnefoss. Her har dei fått ein triveleg stad og ein god barndomsheim for døtrene Zofia og Kaja. Grzegorz fortel at dei fører dei rike joletradisjonane frå Polen vidare. Om ikkje så lenge spring to glade småjenter ut på tunet og speidar etter ei blank stjerna på himmelen før dei fer inn att til veldekt bord og seier fram bønna om:

Wesołych Świąt! God jol!



TV

TRUSOPPLÆRING VÅREN 2022

NATTCAFE på bedehuset i Treungen kl. 20.00 – 00.00 fylgjande datoar i vårsemesteret 2022:

22. januar, 26. februar, 26. mars og 30.april.

Det blir servert pizza, og vi har mange ulike aktivitetar.

Samlingane er for ungdomsskulen og vidaregåande.

Velkomen!



ALDRI ALEINE på bedehuset i Treungen kl.17.30 – 19.30.

Datoane for vårsemesteret 2022:

17. januar, 31. januar, 14. februar, 28. februar, 14. mars, 28. mars og 25. april.

Målet med ALDRI ALEINE er å skape trygge rom der tenåringer kan kjenne med heile seg at dei har ein identitet som Guds barn.

Nokre stikkord er: Fellesskap og relasjonar, trygg kvardagstru på Jesus og sjølvbilde. Samlingane er for 6. og 7. klasse.

Velkomen!

Program for søndagsskulen i Felle kapell vårsemesteret 2022

Måndag 24. januar

Måndag 28. februar

Måndag 28. mars

Sundag 10. april familiegudsteneste

kl. 11.00

Måndag 23. mai

Samlingane startar kl.17.00

Alle frå 0 år og oppover er hjarteleg velkomne!

SUNDAGSSKULEN I NISSEDAL

Våren 2022 Frå kl. 11.00 -12.00

16. januar

30. januar

13. februar

27. februar

13. mars

27. mars

10. april

24. april

8. mai

Program for søndagsskule og tårnagentar våren 2022 Treungen bedehus

Sundag 16. januar kl. 11.00

Sundag 23. januar kl.11.00 felles gudsteneste i

Frikyrkja med søndagsskule og tårnagentar

Sundag 06. februar kl.11.00 familie-gudsteneste.

Tårnagenthelg

Sundag 27. februar kl.11.00

Sundag 06. mars familiegudsteneste kl.11.00. Kode

B

Sundag 20. mars kl.11.00

Sundag 15. mai kl.11.00

Sundag 12. juni kl.12.00 tur til Lonvassberga på

Heimdalsheia

Det vil også vere tilbod til borna i sakristiet under dei vanlege gudstenestene.

Hjarteleg velkomen til alle frå 0 år og oppover!

LAURDAGSKVELD på bedehuset i Kyrkjebygda

Velkomen til deg som går i 7. -10. klasse frå Kyrkjebygda/Nordbygda.

Vi samlas desse dagane i haust: 12. februar, 12. mars og 9. april kl. 19.00 – 22.00

Du kan ta med snacks/smågodt til deg sjølv viss du vil.

*Få vere saman * spel/leik * vi lagar mat * bibelord/undring

Program Nissedal Yngreslag våren 2022

Januar: 20.: Hobby – spel – bollar og saft

Februar: 3.: Spel – hobby – utlodning

17.: Hobby – spel – bollar og saft

Mars: 3.: Spel – hobby – utlodning

19.: Yngreslaurdag frå kl 12-17

31.: Hobby – spel – bollar og saft

April: 21.: Spel – hobby – utlodning

28. BASAR



Er KOMP noko for deg ?

Smarttelefonar og nettbrett eignar seg ikkje for alle. Med KOMP vert det lettare å ha sosial kontakt med familie og vener når ein ikkje kjem seg ut.

KOMP ser ut som eit stort nettbrett, 21 tommar stor, men er veldig enkel i bruk. Ein treng berre å slå den av og på. Familie og vener tek seg av resten frå ein app. Frå appen kan pårørende dele film, bilete og meldingar – eller starte ein videosamtale.

KOMP er skreddarsydd for eldre som ikkje er gode på digitalt utstyr. Grunnen kan vere redusert syn, motorikk eller anna.

Viss du lurar på om dette er noko for deg, eller at du ser at dette hadde vore noko for ein i nær familie, kan du ta kontakt med **Nissedal helselag** ved Astrid Eidem Nordal, tlf 93659421.

Nissedal helselag har to ledige KOMP til utlån. Har de internett i huset, er det ingen ekstra kostnad ved bruk.

Helselaget har og 2 stykk Care2Call, eit brukarvenleg nettbrett, til utlån. Dette fungerer som KOMP n, men kan og brukast til å ringe på vener og familie.



NISSEDAL MÅLLAG

Årsmøte på Tjørullkroa fredag 4. februar 2022
kl.19.00.

Sjå oppslag seinare om programmet.

Vel møtt!

FRÅ KYRKJEKONTORET

Gullkonfirmantar

I haust blei det ikkje til at vi hadde markering for gullkonfirmantane då det var så usikkert i vår om vi kunne arrangere slike samlingar, Vi har derfor bestemt at det blir felles markering for 1971- og 1972- kulla til våren. I Nissedal vert det 20. mars og i Treungen 3. april.



Ny kyrkjeleg organisering

Dette er ei sak som har vore på sakskartet til soknerådet fleire gonger i det siste. Temaet har også vore framme i media- både i fjernsyn og aviser. Det der frå øvste hald i kyrkja (kyrkjerådet) sendt ut eit høyringsnotat, der mellom anna den politiske leiinga i kommunane og fellestråda og sokneråda kan uttale seg. Hovudspørsmålet er om ein skal leggje ned dei lokale fellestråda og opprette prostivise fellestråd som m.a. har arbeidsgjevaransvar for kyrkjeleg tilsette. Målet er å få felles arbeidsgjevar for alle som jobbar i kyrkja. Det har ein ikkje med dagens ordning. Spørsmålet blir om det aktuelle framlegget løyser eitt problem, men skaper fleire nye.

Saka kan verke innfløkt, men det er ikkje alle moment i høyringa som er aktuelle for kyrkjelyden vår. Her vil de få eit kort samandrag av svaret frå Nissedal kommune og innstilling til svar frå Nissedal sokneråd i saka.

Fristen for høyringa er 15.oktober for kommunen og 1.desember for fellestråd og sokneråd..

Frå kommunen sitt svar:

«Det viktigaste arbeidet i kyrkja skjer lokalt. Med den modellen som ligg på bordet, vil lokale kyrkjekontor kunne bli nedlagt for å kunne organisere opp eit regionalt kontor. Dette vil vere svært negativt. Lokal kompetanse knytt til gravferdsforvaltning og gamle verneverdige bygg vil kunne forvitre.

Det er vanskeleg å sjå føre seg at kyrkja skal vere like involvert i kommunal verksemd og at ein ser synergjar og samarbeidsmåtar på same måte som ein gjer i dag. Lokal og tett kontakt er ein føresetnad for å leggje til rette for at kyrkja kan utvikle seg, ikkje minst gjennom budsjettprosessar med stramme økonomiske rammer.»

Frå Soknerådet/fellestrådet si drøfting:

«Nissedal sokneråd vil- ut frå tilhøva her i bygda- gå imot at det blir oppretta eit prostifellestråd til avløysing av dei kommunale fellestråda. Skal kyrkja vere ei levande folkekyrkje med rot i lokalsamfunnet, må ho også ha sine valde organ som verkar lokalt. For verksemda i kyrkja er det også heilt avgjerande at me har eit lokalt kyrkjekontor med ei kyrkjevevje/dagleig leiar. I kommunen vår er det ikkje andre administrativt tilsette i kyrkja enn kyrkjevevja i 80% stilling. Me ser med stor uro på kva som kan bli situasjonen lokalt ved ei sentralisering til eit nytt kommuneoverskridande organ. Det seier seg sjølv at dette får negative konsekvensar for omfanget av ressursbruken i kvar einskild kommune.

I bygda vår har me eit svært godt samarbeid med kommunen, som viser velvilje og forståing for det arbeidet kyrkja gjer og den viktige rolla kyrkja spelar i lokalsamfunnet. Kyrkjekontoret held til på kommunehuset, og denne lokaliseringa gjer at kyrkjevevja lett kan ha kontakt med den politiske og administrative leiinga og dei kommunale etatane. Det er også viktig for samhandlinga mellom kyrkje og kommune at kommunen har ein representant i fellestrådet.

Og vidare:

Noverande Øvre Telemark prosti har ei geografisk avgrensing som ikkje er føremålstenleg for etablering av prostifellesråd. Prostiet omfattar eit stort område som ikkje utgjer eit naturleg bustad- og arbeidsmarknadsområde. Innanfor prostiet er det heile 11 kommunar og 21 sokn.

Dersom prostifellesrådsmodellen skulle bli innført, vil det vere mest naturleg at prostiet omfattar alle dei seks Vest-Telemark-kommunane. Desse kommunane samarbeider frå før på ei rad område.»

Nytt frå Kyrkjeutvalet i Nissedal

Etter ei tid med passivitet, grunna korona, er utvalet nå i sving att. I regelen sit medlemene i fire år, same periode som soknerådet. Men ein kan gjerne kome med i utvalet undervegs, eller bli fritatt, dersom det skulle vere ønskeleg.

Kyrkjeutvalet sitt mandat er å gjere praktiske oppgåver knytt til arrangement i Nissedal kyrkje og Fjone Bedehus. Ved nokre faste arrangement i kyrkje/bedehus er det andre utval eller grupper som har ansvar, t.d. Nissedal Yngres og Diakoniutvalet.

Desse er med i Kyrkjeutvalet frå nå og ut 2023: Astrid O. Knutsen, Inger Johanne Aaheim, Liv Kristin Oterholt, Anne Johanne Berge, Kirsten Nordbø, Liv Jorun Oterholt, Marit Liodden, Jon Inge Nordbø og Gunnhild Breivik Rieber-Mohn.

Når det er kyrjekaffi i samband med gudsteneste i kyrkja, vil me skifte på å ha kaffien i bedehuset, i kyrkja eller på kyrkjebakken, alt etter «stilen» på arrangementet. Me skal få ei eiga bålpanne til Nissedal kyrkje som me også kan nytte til slike samlingar.

Dersom du har tankar kring samlingar i kyrkja som utvalet kan stå for, er det bare å ta kontakt med ein av oss i utvalet. Det må du også gjere om du har lyst til å vere med på laget.

GBR-M.





GUDSTENESTELISTE MED OFRING VÅREN 2022

Des.

2.	Kl. 18.00 Nissedal	Jolegrantenning	
5.	Kl. 18.00 Treungen	Vigsling av kantor m/ besøk av biskop Stein Reinertsen	Kyrkjelydsarbeidet
19.	Kl 18.00 Treungen	Vi syng jola inn	Kyrkjelydsarbeidet
22.	Kl. 09.30 Treungen	Skulegudsteneste	
24.	Kl. 13.00 Felle	Joleftan	Kirkens Nødhjelp
24.	Kl. 14.30 Treungen	Joleftan	Kirkens Nødhjelp
24.	Kl 16.00 Nissedal	Joleftan	Kirkens Nødhjelp
25.	Kl. 11.00 Treungen	1.joledag	Diakoniprojektet i Mali

Jan.

2.	Kl. 11.00 Nissedal	Nattverd	Diakoniprojektet i Mali
9.	Kl. 11.00 Treungen	Nattverd	Diakoniprojektet i Mali
23.	Kl. 11.00 Treungen frikyrkje		
23.	Kl. 18.00 Nissedal	Taizè-gudsteneste Enkel kyrkjekaffi	Kyrkjelydsarbeidet

Febr.

6.	Kl. 11.00 Treungen	Familiegudsteneste/ Tårnagenthelg	Acta Telemark
20.	Kl. 11.00 Nissedal	Nattverd	Kirkens SOS
20.	Kl. 18.00 Treungen	Taizè-gudsteneste Nattverd	Kirkens SOS

Mars

6.	Kl. 11.00 Treungen	Saman med Frikyrkja/ Kode B Årsmøte etter gudstenesta	Acta Telemark
20.	Kl. 11.00 Nissedal	Gullkonfirmanter 71og72 kyrkjekaffi	Kyrkjelydsarbeidet
20.	Kl. 19.00 Treungen	Konsert Maria Arredondo og Kim Rysstad +Nissedalskoret	

April

3.	Kl 11.00 Treungen	Familiegudsteneste m/ sundagsskolen, kyrkjekaffi Gullkonfirmanter 71og72	Kyrkjelydsarbeidet
10.	Kl. 11.00 Felle	Familiegudsteneste/ Palmesundag	Sundagsskolen i Telemark
10.	Kl. 18.00 Fjone	Familiegudsteneste/ palmesundag	Sundagsskolen i Telemark
14.	Kl. 10.00 Haugsjåsund	Skjærstorsdag	Diakoniprojektet i Mali

14.	Kl 18.00 Nissedal	Skjærtorsdag/ nattverd kveldsmat	Diakoniprojektet i Mali
15.	Kl. 11.00 Treungen	Langfredag	Diakoniprojektet i Mali
17.	Kl. 11.00 Nissedal	1. påskedag	Sundagsskolen i Telemark
24.	Kl. 18.00 Treungen	Felles diakonisamling for Vest-Telemark, kyrkjekaffi	Diakoniet i Vest-Telemark

Mai

1.	Kl. 11.00 Treungen	Solidaritetsgudsteneste	Frelsesarmeen
17.	Kl. 10.00 Nissedal	17. mai	Kirkens nødhjelp
17.	Kl. 12.00 Felle	17. mai	Kirkens nødhjelp
17.	Kl. 14.30 Fleirbrukshuset/ Treungen	17. mai	Kirkens nødhjelp
22.	Kl. 11.00 Nissedal	Nattverd	Kyrkjelydsarbeidet
22.	Kl. 18.00 Treungen		Kyrkjelydsarbeidet

Juni

5.	KL. 11.00 Nissedal	Pinsegudsteneste med konfirmasjon	Kyrkjelydsarbeidet
19.	Kl. 11.00 Treungen	Nattverd	Sundagsskolen i Telemark

Treng du skyss til gudsteneste kan du ringe eit medlem i Diakoniutvalet:

Liv Lia, tlf.: 414 470 19 eller Astrid Eidem Nordal, tlf.: 936 594 21

PROGRAM FOR FRIKYRKJA 1. HALVÅR 2022

JANUAR

02.	11.00	Gudsteneste med nattverd
08	19.00	Husgruppe
10.	17.30	Speidaraktivitet og Rangers
11.	19.00	Kvinneforening
13.	19.00	Kveldskafè
16.	19.00	Husgruppe
17.	17.30	Friklubb og Lollipop
18.	18.00	Dugnad og fellesskap
23.	11.00	Fellesgudsteneste. Sund.sk/Tårnag.
24.	17.30	Speidaraktivitet og Rangers
25.	19.00	Kvinneforening. Årsmøte
31.	17.30	Friklubb og Lollipop

FEBRUAR

06.	19.00	Husgruppe
07.	17.30	Speidaraktivitet og Rangers
08.	19.00	Kvinneforening
13.	11.00	Gudsteneste.
14.	17.30	Friklubb og Lollipop
15.	18.00	Dugnad og fellesskap
20	19.30	Husgruppe
27.	18.00	Kveldsgudsteneste. Nattverd
28.	17.30	Friklubb og Lollipop

MARS

02.	18.00	Kyrkjelydens årsmøte
-----	-------	----------------------

04.	18.00	Kvinnernes internsj.bønedag
06.	11.00	Fellesgudsteneste. Treungen kyrkje
		Utdelinga av biblar til 5. og 6.kl
06	19.00	Husgruppe
07.	17.30	Speidaraktivitet og Rangers
08.	19.00	Kvinneforening
10.	19.00	Kveldskafè
13.	11.00	Familiegudsteneste. Skitur etter gudstenesta.
14.	17.30	Friklubb og Lollipop
16.	16.30	Trusopplæringsplanen. Middag.
21.	17.30	Speidaraktivitet og Rangers
22.	19.00	Kvinneforening
27.	11.00	Fortellergudsteneste. Nattverd
28.	17.30	Årsmøte/Vårkonsert
29	18.00	Dugnad og fellesskap

APRIL

03.	19.00	Husgruppe
04.	17.30	Speidaraktivitet
05.	19.00	Kvinneforening
10.	11.00	Familiegudsteneste
14.	18.00	Skjærtorsdagsgudsteneste

		Nattverd og fellesskapsmåltid
17.	11.00	Høgtidsgudsteneste
19.	19.00	Kvinneforening
23.	11.00	Temahelg ved Leif G
		Sandvand
	-13.00	Bibeltime og lunsj
24.	18.00	Gudsteneste med
		sund.sk/Tårnag
25.	17.30	Friklubben. Avslutning
26	18.00	Dugnad og fellesskap

Ønskjer du å bli med i ei husgruppe? Ta kontakt med Lena Haugsjå (90685202)

Endringar kan skje. Følg med på www.treungenfrikyrkje.no og annonsering.

Bøn torsdag 09.00

FJONE BEDEHUS VÅREN 2022

Damenes: Kvar første onsdag i månaden kl 19.00.

Yngres har tatt ei pause.

Kveldssamling for barnefamiljar: Følg med på FB.

Andre søndag i advent, 5.desember: Adventssamling på Bedehuset kl 15.

FELLE FRIKYRKJE VÅREN 2022

Sundag 27.feb., kl.11.00: Møte med tale og sang av Jens Bergsland.

Alle velkomne!



MØTE PÅ HAUGSJÅSUND GRENDEHUS VÅREN 2022




- Onsdag 19. januar kl. 19.00: Årsmøte
- Onsdag 16. februar kl. 19.00: Møte med tale av Knut Bjørn Skyttemyr.
Song og musikk ved Liv Mørland Tveit og
Astrid Sundsli Leirvik.
Kolleks og enkel servering.
- Onsdag 16. mars kl. 19.00: Møte med tale av Sigrunn Dalene frå Normisjon
Song og musikk ved Maria Skjæveland.
Kolleks og enkel servering.
- Skjærtorsdag 14. april kl. 10.00: Gudsteneste ved sokneprest Knut Bjørn Skyttemyr
og kantor Maria Skjæveland
Kolleks og enkel servering.
- Onsdag 27. april kl. 19.00: Møte med song og tale ved Morten Kravik frå
Israelsmisjonen.
Misjonsbutikk, kolleks og enkel servering.
- Onsdag 25. mai kl. 19.00: Møte med tale av
Martha Irene Eriksrød frå Normisjon.
Kolleks og enkel servering.
- Kr.him. 26.mai kl.11.00: Møte med tale av Martha Irene Eriksrød på
Treungen bedehus.

VEL MØTT!

TREUNGEN NORMISJON, BEDEHUSET VÅREN 2022

Januar	Måndag	10.	kl.19.00	Bønsamling.
	Torsdag	13.	kl.19.00	Bibeltide, Knut Bjørn Skyttemyr.
	Torsdag	20.	kl.19.00	Dugnad/fellesskap.
	Laurdag	29.	kl.18.00	Møtehelg v/Jens Bergsland,
	Sundag	30.	kl.11.00	-----«-----
Februar	Torsdag	03.	kl.19.00	Møte, Terje Olafsen.
	Måndag	07.	kl.19.00	Bønsamling.
	Torsdag	10.	kl.19.00	Årsmøte.
	Onsdag	16.	kl.19.00	Møte i Haugsjåsund, Knut Bj. Skyttemyr.
	Torsdag	24.	kl.19.00	Dugnad/fellesskap.
Mars	Torsdag	03.	kl.19.00	Møte, Øyvind og Herdis Jørgensen.
	Måndag	07.	kl.19.00	Bønsamling.
	Torsdag	10.	kl.19.00	Møte, Ulf Børje Rahm.
	Onsdag	16.	kl.19.00	Møte i Haugsjåsund.
	Torsdag	24.	kl.19.00	Dugnad/fellesskap.
April	Torsdag	31.	kl.19.00	Møte, Odd Rannestad.
	Måndag	04.	kl.19.00	Bønsamling.
	Torsdag	07.	kl.19.00	Bibeltide, Knut Bjørn Skyttemyr.

VELKOMEN



MELDINGSBLAD



NISSEDAL KOMMUNE

NR. 4

2021

Fokus på demens i Nissedal kommune:

Onsdag 27. oktober inviterte Nissedal Helselag i samarbeid med Nissedal frivilligsentral og Nissedal kommune til to kinoframsyingar av filmen «Vær her». Det var søkt om støtte til framsyninga og den var difor gratis for dei frammøtte.

Filmen følger tre personar som har diagnosen demens, der den eine personen, Sigvald Tveit, er frå Nissedal.

Filmen følger personane over to år i siste fase av demenssjukdommen deira, og vi får innblikk i deira fortid før sjukdommen, pårørande si utfordring i høve til forskjellige problemstillingar og personanes utfordringar med å ikkje hugse, liten sjukdomsinnsikt samt deira fortvilning over å måtte ta i mot meir hjelp for å fungere i samfunnet.

På ei anna side viser og filmen kor lite som skal til for å hjelpe, t.d. at personale på nærbutikken skjønner at visse personar har behov for litt ekstra hjelp og kan hjelpe med praktiske ting som betaling osv.

Filmen viser også «gylne» augneblink, der personen som intervjuar eller pårørande treffer med kommunikasjonen og oppnår glede og glimt i auga til personane som har demensdiagnosar.

Helselaget inviterte til lunsj kl. 12 på biblioteket før filmen, der både ordførar og kommunedirektør var spesielt invitert. Invitasjonen nådde mange, og biblioteket vart fullt av folk som ville vere i lag for lunsj og kinobesøk. Kinosalen var fullsatt under framsyninga av filmen kl. 13, og nesten fullsett på framsyninga kl. 20.

Astrid E. Nordahl frå helselaget informerte om filmen, og dottera til Sigvald Tveit, Ane Tveit, kom til Nissedal for å fortelje om livet med faren og korleis dei hjelpte og la til rette for han slik at han fekk eit best mogleg liv. Ho fortalte om utfordringar rundt kommunal oppfølging av faren og at dei brukte ressursar på oppfølging i privat sektor for best oppfølging av far.

Etter filmen vart det danna eit panel som besto av Astrid E. Nordahl og Ane Tveit. Ane fortalte om livet til Sigvald Tveit og utfordringane rundt oppfølginga. Det kom fram at det offentlege tenesteapparatet hadde få tilbod som var optimale for Sigvald både tidleg og seint i demenssjukdommen. Det vart opna for spørsmål frå publikum.

Leiar i Eining for velferd, Arne Hansen Espebu, som og var ein del av panelet, fortalte om kor viktig det er at personar med demens vert oppdaga tidleg i sjukdommen, slik at både dei og pårørande kan få hjelp på tidlegare tidspunkt. Ofte får ikkje kommunale helse- og

omsorgstenester kontakt med desse før familiene er utslitt av problema rundt demenssjukdommen til ein av deira nære. Då er det ofte for seint å gjere små grep, og det gjer oppfølginga av personane som har demens meir krevjande.

Dersom ein kjem inn tidlig nok, vil ein med små ressursar kunne hjelpe mange familiar med øydelagd nattesøvn, hjelpe personen med demens å halde seg meir aktiv osv.

Arne fortel også om at det vert jobba med å få ressursar til ein demenskoordinator i kommunen, som kan følgje opp personar med demens og deira familie. Det er tenkt at ein demenskoordinator vil samarbeide tett med legekantoret.

Denne satsinga vil gjere det lettare å fange opp personar i tidleg fase av sin demenssjukdom, slik at ein kan kartlegge og bli kjend med personen og familien. Tidlege små tiltak er kanskje alt som skal til, og som vil gjere det betre for familien ved at personar med demens kan bu lenger heime og leve eit best mogleg liv saman med sine næraste.


Tiltaka kan vere i kommunal regi, men kan og vere samarbeidsmodellar med frivillige lag og organisasjonar.

Det er og ønskeleg at Nissedal Kommune vert med i Nasjonalforeninga si satsing, «Demensvenleg samfunn» som rettar seg mot næringslivet og deira oppfølging av personar med demens i kommunen. Kommunen sitt bidrag her vil vere å opprette ei arbeidsgruppe som kan arbeide med å spreie informasjon, opplæring av tilsette i næringslivet som har mykje kundekontakt osv. Her vil frivillige lag og organisasjonar vere gode samarbeidspartnarar.

Eit godt råd til alle i kommunen som slit med byrjande demenssymptom: Ta kontakt med legekantoret og be om ei utreiing av spesialisthelsetenesta. I tillegg spør om kva tilbod kommunen har for deg og/eller din familie dersom det vert påvist demenssjukdom.

Det er ikkje alltid at ting ordnar seg, sjølv om ein går til legen. Det kan vere lurt å spørje om oppfølging. Her vil og tenestekantoret vere ein god samarbeidspartnar.

Arne Hansen Espebu og Lena Haugsjå



«Kyrkjebygda bedehus – nytt kjøkken»

Det blir nå arbeidd med å lage nytt kjøkken i Kyrkjebygda bedehus.

Heilt sidan bedehuset vart bygd i 1978 har kjøkkenet vore i underetasjen der spisesalen var. Det meste av matsservering ved ulike samkome skjer hovudetasjen. Nå vil vi i tillegg få eit nytt kjøkken i hovudetasjen ved å ta i bruk det tidlegare grupperom. Ein vil på denne måten gjere det lettare ved matsservering, ein unngår trappene til underetasjen.

Dette arbeidet vil koste rundt kr. 90.000,-. Vil du vere med å gi ei gåve til nytt kjøkken vil det bli motteke med takk.

Beløpet kan overførast kto. 2714.2007601 mrk. «kjøkken».

Mvh husstyret Kyrkjebygda bedehus.»

NISSEDAL FRIVILLIGSENTRAL

Enda et år nærmer seg slutten, nok et annerledes år med en pandemi som ikke slipper taket og fortsatt preger livene våre, selv om vi i småbygdene er skånet mer enn de som bor tettere.

Frivilligsentralen kan se tilbake på et år med gode møter og samtaler, nye bekjenskaper, men ser også tilbake på året med sorg og savn. Vi ser tilbake på dedikerte frivillige, vi er så takknemlige for alle som hjelper oss i hverdagen og i prosjektene som «noen» gjerne vil ha gjort i en fei. 😊 Tusen hjertelig takk for all innsats dere legger ned for at vi skal være en god og varm møteplass.

Rekruttering av frivillige er kanskje det jeg har brent mest for dette året, jeg har hatt god tid til å tenke, og hva hadde vi vært uten frivillige.. Så jeg benytter anledningen her til å invitere dere som kanskje tenker at sentralen hadde vært en koselig plass og tilbrakt noen timer på, ikke nøl- bare ta kontakt for en prat- et besøk, du er hjertelig velkommen.

Nissedal Frivilligsentral har nå holdt på i over 5 år, og som daglig leder er det fantastisk å se hvordan vi hele tiden vokser. Fra det sentrumsnære lille lokale på «Malenes hotell» til et «eget» hus hos Røde Kors, til nå midt i sentrum hos Jakob Tveit AS. Og jammen måtte vi slå ned et par vegger for å få større finstoge og bygge et lager ute. Det er så moro, og vi føler vi har funnet «vår plass» i sentrum.

Under følger en liten oversikt over de faste aktivitetene som stort sett går hele tiden.

MANDAG	Spit & Prek kl 11.00	-Håndarbeidstreff med vafler og skravling, eget håndarbeid for de som ønsker.
TIRSDAG	Kaffevennene kl 12.00 Seniordans kl. 17.00 – 18.30	-Her møtes alle som vil og det serveres vafler og kaffe.
TORSDAG	*«Heimlaga middag rundt bordet» kl 13.30. *Etter skoletid på biblioteket.	-Her er det mulig å få heimlaga medda ilag med andre. God husmannskost og koselig selskap. Gjerne påmelding (99636636) men vi serverer så lenge det er mat.
FREDAG	Hobbyhjørnet kl 10.00	Vi produserer for salg i BruktBUA, alt fra vesker, hetter, tova tøfler, votter, diy fat ol. Veldig gøy, ta turen og vær kreativ ilag med oss etter nyttår

Vi har en del pop-up aktiviteter også, og er det noe dere savner – ta kontakt, så legger vi oss i selen for å få i gang noe 😊

I desember har vi lørdags åpent, da blir det gløgg, grøt og julekos. Bare ta turen om dere vil.

Med dette vil jeg ønske alle en fredfull og god julehøytid, og håper vi sees masse i året 2022 😊

Juleklem fra Renate.

Bli kjent med den nye salmeboka

Min jolesalme

Norsk Salmebok 38: «Mitt hjerte alltid vanker»

T: Hans Adolph Brorson, 1732, O: Paul Gælok, 1989, M: Svensk/norsk folketone

Ein viktig del av jola er musikken. Jolas musikk famnar alt frå salmene i salmebok til meir verdslege sangar som «Musevisa», «O jul med din glede» osv. For meg er den sterkaste jolesangen «Mitt hjerte alltid vanker»



Mitt hjerte alltid vanker
i Jesu føderom,
der samles mine tanker
som i sin hovedsum.
Der er min lengsel hjemme,
der har min tro sin skatt;
Jeg kan deg aldri glemme,
velsignet julenatt!

Den mørke stall skal være
mitt hjertes frydeslott,
der kan jeg daglig lære
å glemme verdens spott.
Der kan med takk jeg finne
hvori min ros består,
når Jesu krybber minne
meg rett til hjerte går.

En spurv har dog sitt rede
og sikre hvilebo,
en svale må ei bede
om nattely og ro,
en løve vet sin hule
hvor den kan hvile få –
skal da min Gud sig skjule

Akk, kom, jeg opp vil lukke
mitt hjerte og mitt sinn
og full av lengsel sukke:
Kom, Jesus, dog herinn!
Det er ei fremmed bolig,
du har den selv jo kjøpt,
så skal du blive trolig
her i mitt hjerte svøpt.

H.A Brorson var sterkt prega av pietismen og var av yrke prest og diktar. Denne salma var hans debut som forfattar, og Brorson er rekna som ein av dei store innanfor dansk litteratur. Enkelte meiner også at han har betydd mykje for det danske språket, da han unnlet å bruke framandord i skrivinga si.

Salma vart offentleggjort i Brorsons «Nogle Jule-Psalmer frå 1732. Det var Lammers som introduserte den i Norge i 1834. Komposisjonen og tankegangen, er enkel og klar, som var vanleg hos Brorson. Teksten tar for seg lite av gleda, lyset og stemninga rundt fødselen av verdas frelsar, men går rett på kjernen av det som er jolas budskap. Gjennom åtte vers blir me tatt med på reisa om underet og undringa over det som skjer i Betlehem. Kontrastane er store i denne salma; me høyrer om Gud, som er den høge, som blir menneske og lar seg føde her nede på jord. Desse kontrastane viser eit motivslektskap med Luther si jolesalme «Du være lovet, Jesus Krist». Det personlege aspektet blir forsterka ved at det er ei gjennomført «eg-salme». Nokon av versa ber og preg av personlege hendingar i Brorson sitt liv. Den sterke teksten, kombinert med den vakre folketona gjer dette til ei slitesterk og innhaldsmetta salme som vil leve vidare i mange generasjonar framover.

Melodien er ei norsk-svensk folketone. Tonen fins i musikkbilaget til Geijer og Afzelius si samling «Svenska Folkvisor från Förntiden» til «Öväntad Bröllopsgäst», ei vise om svikeyfull kjærleik. Denne salma er blitt svært populær i Norge, spesielt etter at Mari Boine framførte den i bryllupet til kronprinsparet i 2001. Det kan virke som om tonen kom inn i den norsk, evangeliske-lutherske frikyrkja på slutten av 1800-tallet. På grunn av plassmangel har eg bare tatt med fire vers. Salma står i norsk salmebok på nr 38 i den nye frå 2013 og nr 45 i 1885-utgåva.

Kantor Maria Skjæveland

NISSEDAL SOKN VEST TELEMARK

Sokneprest

Knut Bjørn Skyttemyr

Kyrkjekontoret:

Tysdag og torsdag kl. 10 –13

Ellers treffetid etter avtale.

Tlf.: 35 04 84 49

Mobil: 90 79 93 68

E-post: knut.bjorn.skyttemyr

@nissedal.kommune.no

Kyrkjeverje Bente Meyer

Kyrkjekontoret: Tysdag, torsdag

og fredag kl. 9 -13

Tlf.: 35 04 84 43

Mobil: 99 54 45 43

E-post: bente.meyer

@nissedal.kommune.no

Leiar i soknerådet:

Anita Haugstad Haugsjå

Nestleiar i soknerådet:

Astrid Eidem Nordal

Kyrkjetenar:

Anne Marie H. Larsson

Mobil.: 90 63 47 47

Kantor:

Maria Skjæveland

Mobil.: 94 06 02 69

Klokkar i Treungen kyrkje:

Reidun Lauvdal

Mobil.: 95 06 52 01

Prostdiakon Eilev Erikstein

Tlf.: 35 07 71 88

Mobil.: 91 11 35 80

KIRKENS SOS

TLF: 22 40 00 40

Frå kyrkjeboka – Nissedal sokn

Nissedal kyrkje

Dåp

9.okt. Alise Skyttemyr Austad. Foreldre: Knut Olav Skyttemyr og Åshild Austad

Gravferd

16. juli Alf Kåre Gilje. Død 08.07.2021 Fødd 1941

4. august Torleiv Nes. Død 29.07.2021. Fødd 1935

14. sep. Kjell Åsen. Død 5.9.2021. Fødd 1931

Treungen kyrkje



Gravferd

22.okt. Åsa Løvrak. Død: 14.10.2021 Fødd: 1931

23.nov. Halvor Ufs. Død: 15.11.2021 Fødd: 1934

Frist for innlevering av stoff til neste nr.: 4. mars 2022

Gje di gåve ved bruk av VIPPS

Kyrkjelyden har fleire nummer:

123534 Sundagens offer

123537 Kyrkjelydsarbeidet,

123538 Diakoniprojekt i Mali

123539 Gåve til Kyrkjelydsbladet

KYKJELYDSBLAD

for Nissedal sokn utgjevar:

Soknerådet i Nissedal

REDAKSJON:

Knut Bjørn Skyttemyr, 3854 Nissedal,

Mob: 90 79 93 68

Tor Valle, 3855 Treungen,

priv. tlf: 92 48 90 42

Gunnhild Breivik Rieber-Mohn

3854, Nissedal, priv.tlf: 99 42 33 59

EKSPEDISJON:

Kyrkjekontoret

GIRO: 2714.10.15589

Bladet vert sendt ut gratis til alle heimar i

Nissedal prestegjeld.

Friviljuge gåver til bladet vert mottekne

med takk.

Trykt ved Erik Tanche Nilssen trykkeri, Skien

FAGER ER JOLA I BAKKANE

«God jol!» sa bestefar på joleftan, etter at jolevasken var gjort på trevet og stivpynten var på. Då var jola der, etter all venting.

Men jola i Bakkane starta ei stund før dette. I slaktetida. Då grisen med alle sine herlegghetar skulle slaktast. Og ein måtte aldri slakte grisen medan månen var på «nean», som bestefar sa. Då vart kjøtet så udrygt. Slaktetida var litt vemodig også. Ein gris me hadde fora og stelt i fleire månadar. Men dagen kom, seinhaustes. Skotet kom. Eg og bror min og mamma søkte ly i stoga. Etterpå måtte me røre i blodet så det ikkje storkna. For blodpølse var ein viktig del av grisens herlegghetar.

Ein gong me skulle slakte, sa slaktaren til bror min at han måtte gå til naboen, Johan Trondsen, før dei kunne skyte. Der skulle bror min spørje om å få låne «rompedraget». Guten så gjorde, men i det han var framme hos Johan, fall skotet. Dette kan ein vel kalle barnpsykologi på høgt nivå. Men Johan skjønnte nok lunta, og han fortalde dette mange vender etterpå.

Så kom slaktekjerjingane. Det var: mamma, Tone Jorde og tante Mimmi (Jorunn Myra). Kjellaren i Bakkane vart omgjort til storkjøken med ein vedomn med ei stor jerngryte i.

Her laga dei kjøtkaker, som mamma la ned på norgesglas.. Det var blodpølse, lammerull, leverpostei, og for ikkje å gløyme, sylte!

Eg minnest lukta av slakt og kjøtkaker i skogen på veg heim frå skulen. Då bar det rett i kjellaren, og der stod salige, snille tante Mimmi med forkle og gav oss smaken av jol. Bestefar hadde henta tørrfisk på bua hos Jakob Tveit. For jola heime var faktisk lutefisk, luta og beredt av bestefar, Tarjei Brekke.

Så kom snøen. Og snøen var også eit bod om jol. Det var ikkje mange bilar langs vegane i Tveitbakkane på 60-talet. Men hestar var det. Litt oppi bakkane langs Tveitvegen var Prestesteinen. Der kvilte presten på veg til Tveitkyrkja. Men 100 meter frå Prestesteinen, rann ein liten bekk som me kalla for Hesteølla. Hestane drakk ofte vatn der, på veg opp dei tunge bakkane til Tveitgrenda.

Eilev Utistog hadde hest og slede. Sleden var full av høy, for at me gutungar skulle få skyss til vegskiljet, og deretter renne ned Tveitvegen på kjelkar med ein hesjestaur til å styre med. (*Spør du dagens unge i Tveitgrenda, vil dei nok svare at dei gjer det same, men med bil som skyssmiddel og rattakebrett, utan trong for hesjestaur. Red anm.*)

Før jol sette Eilev bjølle på hesten. Denne ljoden av hestebjølla til Eilev, var ljod av tryggleik og jol. Eilev var ein barnekjær og varm mann.

Like før jol, ja dagen før joleftan, var det ikkje lett å vera to forventningsfulle gutungar. Storstoga blei stengt av. Dei fyra i vedommen der inne, og joletreet blei pynta. Bror min og eg vart sendt til Jorde, ein gard i grenda, til Eilev, Tone, Imma og Gunnvor. Der stod dei på trappa alle saman og venta oss. Inne stod dei i kø for å gje oss jolebakst. Deretter spela me «par og oddi». Det var ein fyrstikkleik. Den som trekte rett stikke, lang eller kort, vann ei krumkake eller ein goro. Eilev sat i sofaen og lo. Du verda som me fekk korta ned ventetida!

Så kom sjølvaste joleftan. Då var det bading. Me gutane sat i balja på golvet på kjøkenet. Ein og ein vart bada og skrubba. Me hadde ikkje varmt vatn og dusj. Og me hadde utedo. Ein tosetar, til og med. Etter badet tørka me opp innmed omnen med Kirsten Langbo eller Alf Prøysen på radioen. Det hende me fekk ein «aperitiff» også: jolekake og kald mjølk. Og av og til eggedosis også. Men kor vidunderleg verda var!

Skota kom klokka fem, presis. Samstundes med kyrkjeklokkene. Dei skaut i Nordgard, Uppigard, og Uppistog og fleire andre stadar rundt i bygda. Dei skut inn jola med tre skot. Då var det jol- men før det var det kyrkjegang, sjølvsagt.

Då me endeleg fekk sett oss til bords, var det lesing av jolevangeliet. Det var som oftast pappa som stod for dette, medan lutefisken låg og skalv. Magane vart fulle etter kvart, og gåvene vart delte ut, og englane song der ute. Fagrare jol enn nokon gong før....

Svein Torgeir Dale





Treungen kyrkje

Foto: Maria Skjæveland

god
jul